

Medlemmane i fylkestinget

## Møte i fylkestinget 13. oktober 2015

Fylkesutvalet har vedteke å kalle inn til møte i fylkestinget

### 13. oktober 2015 kl. 10.00 på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa

I samsvar med dette og i medhald av Kommunelova av 25. september 1992, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget. Det vert møte i finansutvalet 12. oktober kl. 16.30 og i fylkesutvalet 12. oktober kl. 17.00. Nærmare program vert sendt ilag med utsending av sakene.

13. oktober kl. 19.00 vert det avsluttande middag i samband med at dette er siste tingsamling i valperioden 2011-2015. Middagen vert på hotellet. Det er tinga overnatting til 14. oktober og eg legg til grunn at alle deltek på den avsluttande middagen.

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføreren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til: knut.henning.grepstad@sfj.no, med kopi til marit.silje.husabo@sfj.no  
Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføreren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte måndag 12. oktober 2015. Tidspunkt for frammøte fastset gruppene sjølve ved innkalling til gruppemøte. Det er tinga overnatting på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa frå 12. til 14. oktober. Dersom du ikkje ynskjer overnatting, gje beskjed til hotellet på tlf. 57 83 40 00. Tingseta vert truleg avslutta 13. oktober, men eg syner til middagen nemnd ovanfor.

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn de i "Arbeidsvilkår for folkevalde" på heimesida til fylkeskommunen, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) – under Folkevald styring. Kap. 6 lyder: "Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise".  
Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg i sakene som skal handsamast vert sendt dykk elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida – [www.sfj.no](http://www.sfj.no).

Med helsing

Åshild Kjelsnes  
Fylkesordførar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*